

315

KV/TSP

200709470-21



Møre og Romsdal fylke



NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FM: 2007/1213/OLBE/561	Ola Betten, 71258476	01.10.2009

Revisjon av konsesjonsvilkåra Aurautbygginga - supplerande innspel etter synfaring

Vi viser til synfaring 09. og 10.09.2009 der det vart invitert til å kome med supplerande innspel i ettertid.

Møre og Romsdal fylke ga si høyringsfråsegn 16.05.2006, og vi vil i hovudsak vise til denne. Vidare vil vi vise til forvaltningsplanen for vassregion Møre og Romsdal og dei tiltaksanalysene som er lagt til grunn der. Samla sett utgjer revisjonsdokumentet og forvaltningsplanen eit godt tilfang for å kunne planlegge og gjennomføre miljøtiltak i Aura og Litjdalsvassdraget.

Møre og Romsdal fylke vil med dette berre kommentere tiltak innafør fylkesgrensene.

Litjdalsvassdraget

Her vil vi peike på behovet for å hindre feilvandring av laks og sjøaure opp i avløpstunnelen til Aura kraftverk.

Vidare er store delar av vassdraget prega av manglande minstevassføring, og kombinert med permeabel grunn fører det til vasstandsfall og tørrlegging av fleire vatn. I det vidare revisjonsarbeidet bør ein vurdere om det kan gjennomførast tiltak for å halde vasstanden i Litjvatnet og Sandvatnet. I arbeidet med forvaltningsplanen har Sunndal kommune peika på behovet for å halde ein vasstand i Tredalspollen. I den grad dette er knytt til grunnvasstand og vassføring i Litjdalen, bør ein vurdere enkle tiltak her.

Auravassdraget

Vassdraget er sterkt prega av redusert vassføring. Dette gjev negative utslag for fisk og botnfauna både i Aura og Eira. M.a. er oppvekstområda for laks og sjøaure reduserte, og gjennomsnittsvakta på laksen har gått kraftig tilbake.

Det viktigaste miljøtiltaket i Aura vil vere å sleppe ei minstevassføring, gjerne porsjonert ut tilpassa smoltutvandring, fiskeoppgang og generelle krav til reproduksjon, vekst og overleving. Vi vil så sterkt som råd tilrå at det vert sleppt vatn øvst i lakseførande strekning i Aura. Dette bør kombinerast med biotopforbetrande og vandringsfremjande tiltak i elveløpet.

Vi har så langt ikkje oversikt over verknadene av å etablere eit kraftverk i området. Slike alternativ må utgreiast m.t.p. terrenginngrep som driftsvegar, masseuttak, deponering av tunnelmassar, framføring av kraftliner m.v. Områda rundt Eikesdalen er verna etter naturvern- og viltlova, og Eikesdalen inngår også i eit nasjonalt viktig kulturlandskap. I tillegg er der store naturkvalitetar som


kan tenkjast å bli påverka av bygging eller drift av eit kraftverk. Vi føreset at dette er forhold som blir avklart i ei evt. seinare konsesjonsbehandling.

Eit minstevasslepp vil gje positive miljøeffektar i heile vassdraget. I Aura vil vi også peike på at det vert betre vassgjennomstrøyming i Litjvatet i Eikesdal. Det kan også gje ei tidvis meir gunstig vassføring i Eira, men her kan lokkeeffekten bli mindre pga. flaumdemping i Eikesdalsvatnet.


Auka vassføring i Aura vil gagne landskapsbiletet i Eikesdalen og auke resipientkapasiteten. Eikesdalen har eit einssidig næringsliv, med jordbruk som det viktigaste. Bygda byggjer opp eit småskala reiseliv, og elva vil vere eit viktig opplevingselement i dette.

Avslutningsvis vil vi kommentere dei spørsmåla som gjeld den regionale kraftforsynings-situasjonen. Påslepp av minstevassføring vil kunne gje ein redusert kraftproduksjon. Vi tilrår at iverksettingstidspunktet for eit evt. minstevasspåslepp vert tilpassa den områdevise krafttilgangen, her under ny overføringsline frå sør.

Med helsing



Per Fredrik Brun
Direktør areal- og miljøvernavdelinga



Jon Ivar Eikeland
Seksjonssjef

Kopi:

Sunnal kommune, Postboks 94, 6601 Sunndalsøra

Lesja kommune, 2665 Lesja

Neset kommune, 6460 Eidsvåg

Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 Trondheim